



# Notat

Til: Sogn regionråd

Frå: Dagleg leiar

Arkivkode 030	Arkivsaknr. 21/7981-1	Løpenr. 36604/21	Dato 07.12.2021
------------------	--------------------------	---------------------	--------------------

## Omdanning av regionrådet etter ny kommunelov

Sogndal kommune har i kommunestyresak 114/21 teke opp to tilhøve direkte knytt til funksjonar og tiltak innan rådet sin verksemd.

Begge tilhøva er sentrale for rådet sine funksjon og organisering og i høve til vidare arbeid knytt til regionalplanen. Eg legg difor fram saka frå Sogndal kommune for rådet til vitande og for eventuell drøfting og med nokre kommentarar.

## Omdanning etter ny kommunelov

Sogn regionråd er etablert etter § 27 i tidlegare kommunelov og må etter ny kommunelov frå 2018 omdannast til eit interkommunalt politisk råd innan denne kommunestyreperioden.

Av forarbeida til den nye kommunelova framgår det at lovgjevar i større grad ønsker ei formalisering av det interkommunale samarbeidet.

Bakgrunnen for å regulera frå regionråd til interkommunalt politiske råd er for å klargjera at kommunelova sine reglar om møteoffentlegheit, sakshandsaming mv. også gjeld for møte i slike interkommunale råd. Det har vore viktig for lovgjevar å sørge for at den typen verksemd som regionråd utfører omfattast av reglar som ivaretak omsynet til openheit og demokratisk deltaking (NOU 2016:4).

Regionråd § 27-samarbeid er eigentleg videreført i ei annan form som eit politisk råd (KS advokatane, 6. mai 2021).

Omdanninga til interkommunalt politisk råd må skje seinast innan 1. november 2023, jf. kommunelova § 31-2/overgangsreglar. Kommunelova kap. 18, §§ 18-1 til 18-4 gir reglar for slikt samarbeid i eit interkommunalt politisk råd:

- Representantskapet er det øvste organet og det einaste obligatoriske organet i IPR.
- Samlede deltarar i rådet skal vera representert med minst eitt medlem som er valt av kommunestyret.
- Representantskapet kan sjølv oppretta andre organ til dømes eit styre.
- Representantskapet vil då vera overordna og ha full instruksjons- og omgjeringsrett.
- Det skal bli inngått ein skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltararane i rådet.
- Loven inneheld minimumskrav til innhaldet i avtalen.
- Deltakarkommunane skal sjølv vedta samarbeidsavtalen.

Omdanninga kan vera ei vidareføring av dagens § 27-samarbeid jf. §18-1.

Sogndal kommune handsama sak om ny organisering av Sogn regionråd i formannskapet 1. desember sak 101/21. I tilråding frå formannskapet til vedtak heiter det: «E1: Kommunestyret ber om at Sogn regionråd kjem med sak om framtidig organisering i løpet av våren 2022. Dette for å vere i samsvar med overordna planar vedteke av ein av deltakarkommunane. E2: Kommunestyret ber kommunedirektøren vera ein pådrivar for at denne prosessen skal starte.»

Sogn regionråd er i dag eit § 27-samarbeid etter tidlegare kommunelov, og er ikkje eit vertskommunesamarbeid etter §28 som synest å vera ei føresetnad i denne saksframstillinga. Sogndal grunngjev i saksutgreiinga at dei som vertskommune tek initiativ i saka om ny organisering. Sogndal kommune leverer sekretariatstenester til Sogn regionråd, men dette har ingenting med organiseringa av sjølve rådet å gjera.

Det er såleis ikkje i samsvar med lova at ein av kommunane i det regionale §27-samarbeidet ber sin kommunedirektør om å utføre oppgåver for regionrådet. Ordførarane er kommunane sin representant i rådet, jf § 3 i rådet sine vedtekter. Det er rådet som kan gje oppdrag på vegne av rådet.

Vedtaket i Sogndal vert å vurdera som eit innspel frå ein av medlemskommunane, jf at det har politisk tilslutning og at ordførar i Sogndal då vil fremja dette i rådmøte.

For administrasjonen sin del vil det då vera naturleg å invitera til tilsvarande synspunkt frå dei andre kommunane i rådet på korleis ein prosess for mogleg omdanning av regionrådet til eit til interkommunalt politisk råd bør leggjast opp.

Dei sju kommunane er likeverdige partar i samarbeidet, og vidare prosess med omdanning må sikre at arbeidet skjer i fellesskap.

Slik vedtekten i rådet no er bør ordførarane styre prosessen om ei omdanning etter kap. 18 i kommunelova. Korleis prosessen bør leggast opp bør rådet vurdera på møte no i år ev til våren, jf. at det truleg trengs meir underlag for dette arbeidet.

Fleire regionråd har alt omdanna seg til interkommunalt politisk råd, men langt frå dei fleste, jf. at fristen for å ha teke stilling til dette faktisk er 1. november 2023.

Sogndal kommune peikar i saksutgreiinga på omdanning til interkommunalt selskap, AS eller vertskommune som då ikkje vil vera eit interkommunalt politisk råd etter §18 i kommunelova.

Kommunalt oppgåvefellesskap, IKS, AS og vertskommune er berekna på samarbeid om enkeltståande tenester. Organisering av GIS-samarbeidet må avklarast i høve omdanninga. Utover dette driv ikkje Sogn regionråd direkte tenesteproduksjon sjølv. Rådet har etablert fleire utviklingsprosjekt og tiltak som blir med i vurderingane ved omdanninga.

### **Regionalplan – rammer og omfang**

Rammene for samarbeidet om dei 10 satsingsområda ligg i regionalplanen 2021-2024 og er vedteken av alle kommunestyra. Handlingsplanen blir laga kvart år og er styringsdokumentet som seier kva vi skal arbeide med, i kva omfang og til kva tid, bygd på kva rådet har av ressursar til arbeidet, og blir vedteken av rådet. Handlingsplanen inneholder roller, arbeidsformer og samarbeidsformer. I tillegg har vi utarbeidd fleire prosjektplanar som beskriv rammer og omfang. Desse vil vi starta opp i løpet av 2022. Rammer og omfang for det regionale arbeidet går fram av desse plandokumenta. Administrasjonen vurderer ikkje at regionalplanen tilseier behov for omorganisering. Grunngjeving for å starte prosessen for omdanning av rådet knyter seg såleis til krav i kommunelova.

Det ligg inne auka kontingenst med kr 1,5 mill for 2022. Med denne auken står vi godt rusta til meir kapasitet og kan henta inn kompetanse på dei viktige samarbeidsområda som vi vil satse på, og det er såleis godt grunnlag for det regionale arbeidet frå 2022.

#### **Samarbeid med andre**

I møte 6. oktober 2021 i Bergen var Hardanger, Voss og Sogn samde om eit tematisk samarbeid i Indre Vestland og sette ned ei arbeidsgruppe som lagar ein plan for samarbeidet. Med denne konklusjonen er det ikkje grunnlag for å utgreia organisering for samarbeidet sørover. Det må i så fall vurderast på nytt.

#### **Vurdering frå administrasjonen om vidare prosess:**

1. Innspelsrunde i dette møtet for tilbakemelding frå kommunane om ønska tidspunkt for ei omdanning av rådet etter ny kommunelov.
2. Eventuelt setja ned ei arbeidsgruppe med/styrt av ordførarar i rådet for å utarbeide eit framlegg til ein samarbeidsavtale for handsaming i rådet og i kommunane.

Vedlegg Sogndal formannskap sak 101/21.

Saksbehandlar: Joakim Systaddal  
Sak nr.: 21/7699-1

## **Ny organisering av regionråd i Sogn**

**Kommunedirektøren rår formannskapet til å gje slik tilråding:  
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slike vedtak:**

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren greie ut framtidig organisering av Sogn Regionråd i løpet av første kvartal 2022.

### **Vedlegg:**

### **Andre relevante dokument i saka:**

1. Regionalplan for Sogn 2021-2024
2. Felles saksutgreiing – styrking av Sogn Regionråd (sjå saksutgreiing i sak 103/2021)

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Sogn Regionråd består i dag av kommunane Høyanger, Vik, Sogndal, Luster, Aurland, Lærdal og Årdal. Gjeldande organisering for Sogn Regionråd er eit §27-samarbeid, og er ikkje i samsvar med ny kommunelov. Organiseringa må endrast seinast i løpet av 2023. Sogndal kommune er vertskommune for Sogn Regionråd i dag, og vil med bakgrunn i dette starte arbeidet med å utgreie og avklare ny organisering i god tid før fristen.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Sogn Regionråd har i år vedteke ny regionalplan, som set retning for det felles utviklingsarbeidet i regionen, jf. eiga sak til kommunestyret 9. desember 2021. I oppfølginga av dette arbeidet har kommunane i Sogn møtttest for å diskutere ambisjonsnivå og arbeidsform når planen skal realiserast. Desse møta har avdekkat nokre utfordringar som må adresserast i det vidare arbeidet, og som kan legge nye føringar for korleis Sogn Regionråd skal vere framover:

- Høyanger har signalisert mogeleg utmelding frå rådet

- kommunane på sørsida ynskjer eit tettare samarbeid med Hardanger og Voss
- kommunane legg ulikt i kva, og omfanget av kva, ein ynskjer å arbeide i lag om

Sogndal kommune har i samfunnsplanen peika på rolla som utviklingslokomotiv i Sogn, der ei styrking av det felles utviklingsarbeidet ligg sentralt. Det er difor kritisk for at både Sogndal og Sogn sine ambisjonar skal kunne realiserast at det vert gjort avklaringar kring omfang og arbeidsform. Andre regionar er ferdig med omorganiseringa. Dei fleste har valt å vidareføra den aktiviteten som er knytt til politisk samsnakking. Dette er vedtektsfesta i den eksisterande organisering for Sogn Regionråd i eit interkommunalt politisk råd. Fleire regionar har så etablert regionale utviklingssamarbeid i tillegg med fleire ulike former. Både AS, IKS og vertskommunesamarbeid er relativt vanleg. I det vidare arbeidet må Sogn vurdere kva som tener regionen vår best, og kva konkrete aktivitetar ein ynskjer å samarbeide om.

### **3. Konklusjon**

Sogndal kommune tek som vertskommune initiativ til å avklare framtidig organisering av det regionale samarbeidet i Sogn. Kommunedirektøren får i oppdrag å kome attende til kommunestyret med sak om ny organisering. Arbeidet skal skje i dialog med dagleg leiar i regionrådet og dei andre kommunane i Sogn regionråd.